

Europaparlamentet: Over 500 endringsframlegg til revidert utstasjoneringsdirektiv

- *Det har kome 523 endringsframlegg til revidert utstasjoneringsdirektiv i Europaparlamentet*
- *Stor avstand i mange spørsmål, inkludert om det bør vere ei maksimal utstasjoneringsperiode og i så fall kor lang den bør vere*
- *Komiteen har foreløpig lagt opp til avrøysting 12. juli*

Arbeids- og sosialkomiteen i Europaparlamentet hadde denne veka ei drøfting av dei i alt 523 endringsframlegga som har kome til det reviderte utstasjoneringsdirektivet. Dei to saksordførarane, Elisabeth Morin-Chartier (EPP, Frankrike) og Agnes Jongerius (S&D, Nederland), er samd med Kommisjonens utgangspunkt om lik lønn for likt arbeid. Mange arbeidstakrar er urolege for sosial dumping og det er viktig å ta dette på alvor. Dei meiner derfor det er positivt med revisjon av reglane på enkelte områder. Samstundes er dei opptatt av at retten til fri rørsle av arbeidskraft eit grunnleggjande prinsipp i EU og at revisjonen ikkje må føre til urettmessige hindringar.

Jamvel om det i utgangspunktet er semje om dette, er det likevel svært ulike vurderingar av kva dette bør ha å seie for revisjonen av direktivet. Mange av endringsframlegga som nå er på bordet, gjeld til dømes regulering av maksimal lengde på utstasjoneringa. Kommisjonen har gjort framlegg om ein maksimal periode på 24 månadar, men mange i Europaparlamentet vil ha ein kortare periode – heilt ned til 3 månadar. Det er har også kome framlegg om ein maksimal periode på opp til 3 år eller å fjerne grensa heilt. Det er vidare ulike vurderingar om kollektivavtaler skal gjelde for utstasjonerte arbeidstakrar og om reglane skal gjelde for transportsektoren. For ein del er det eit viktig mål å sikre at eit revidert direktiv er enklare å forstå og etterleve.

Komiteen har lagt opp ha avrøysting om saka 12. juli i år.

Det var i mars i fjor Europakommisjonen kom med sitt [framlegg til revidert utstasjoneringsdirektiv](#). Framlegget vart kritisert av mange Sentral- og Austeuropeiske land. Nasjonale parlament i desse landa og i Danmark ga også Kommisjonen eit såkalla gult kort fordi dei meinte Kommisjonen ikkje har heimel til endringane, jf. omtale på [Stortingets EU/EØS-nytt 11. mai 2016](#). Kommisjonen valde likevel å gå vidare med framlegget. Kommisjonspresident Juncker har sagt at like lønn for likt arbeid på same stad er eit viktig prinsipp. Kritikarar av framlegget har vist til at problema med sosial dumping oftast skuldast ulovleg verksemder og manglande handheving av eksisterande reglar og ikkje at reglane i seg sjølv er mangelfulle. Spesielt er det peikt på at [det såkalla handhevingsdirektivet](#) burde vore etterlevd.

Dei to saksordførarane kom med sitt [framlegg til innstilling 2. desember](#). Etter dette har andre medlemmar i Europaparlamentet kome med sine endringsframlegg slik at det nå altså samla er 523 endringsframlegg på bordet, jf. endringa nr [23-255](#) og [256-523](#). I tillegg vil også indre marknads- og forbrukarvernkomiteen (IMCO) og rettskomiteen (JURI) vedta fråsegner med endringsframlegg som vil inngå i handsaminga i arbeids- og sosialkomiteen. [Utkastet til innstilling i IMCO](#) kom i januar med frist for endringsframlegg denne veka. [Utkastet til innstilling i JURI](#) kom også i januar med frist for endringsframlegg neste veke. Sjå også [oversikta til Europaparlamentet](#) over dette framlegget.

24. mars 2017

*Per S. Nestande
seniorrådgjevar*

Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11

Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no